



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - sektorstab

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Kristian Helgesen	991 69 403	2025/11543-17	«REF»	02.07.2026

Svar på spørjeundersøking - Idrettshall i Rosendal

Etter tilråding frå kommunedirektøren har Kvinnherad kommune gjennomgått spørjeundersøkinga administrativt. Undersøkinga er gjennomgått sektorvis, med involvering av relevante fagområde.

Svara vart lagt fram for kommunedirektøren den 2. juli 2026, som ønskjer å understreke følgjande:

- Kvinnherad kommune har eit stort ansvarsområde, med anleggs- og bygningsbehov i alle sektorar. Anleggsutvikling for fagområde idrett er eit av desse, og tett dialog med med RTL om eigarskap og driftsmodell er sentralt for kommunen. Kommunen planlegg sine bygg ut frå nøkterne, funksjonelle og driftseffektive løysingar.
- Viss kommunen skal stå som eigar og/eller drivar av anlegget, må framtidig bruk, eventuell utfasing av eksisterande anlegg bli del av for- og hovudprosjekt. Likeins må driftsorganisering, driftsløysingar og behov for driftsressursar synleggjerast tidleg, og slik spegle ambisjonsnivå for investeringane.
- For å lukkast med nytt anlegg, er brukarmedverknad essensielt, og kommunedirektøren rår til at relevante brukargruppe, også kommunale, vert involvert i utviklinga i prosjektet gjennom heile prosessen. Dette og anna kontakt med Kvinnherad kommune om prosjektet skal i det vidare koordinerast med fagkoordinator Kristian Helgesen på sektor samfunnsutvikling.
- Kvinnherad kommune ser fram til vidare samarbeid med Rosendal turnlag om anleggsutviklinga i Rosendal.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Kristian Helgesen
Fagkoordinator kultur

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.